



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

N V E

Alle på adresselista

Vår dato: **20 JUN 2011**

Vår ref.: 200802091-5/201000316-5 ki/kima

Arkiv: 312 / 002.DG2Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kirsten Marthinsen

22 95 92 34

## **Clemens Kraft KS og Øla Kraftverk AS (SUS) - Søknad om løyve til å bygge øvre og nedre Øla kraftverk i Nord-Fron kommune, Oppland - høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Clemens Kraft KS, datert 30.5.2011, og ein frå Øla Kraftverk AS (SUS), datert 30.3.2011, om løyve til å bygge høvesvis øvre og nedre Øla kraftverk i Nord-Fron kommune.

Dei to søkarane søkjer om kvart sitt prosjekt i elva Øla, som drenerer til Gudbrandsdalslågen like nord for Vinstra. Øvre Øla er planlagd mellom kote 571 og 463 og nedre Øla er planlagd mellom kote 462 og 246.

### **Øvre Øla**

Inntaket er planlagd bygd i elvelaupet like nedstrøms Vetllonan. Dammen vert om lag 1 meter høg og inntakskum sprengast om lag 2 meter ned. Vassvegen er planlagd grave ned langs sørsida av elva og vil bli ca. 2,1 km lang. Kraftstasjonen vil bli plassert like oppstrøms Ølbrua. Det vert trong for å bygge 100 meter ny permanent veg fram til kraftstasjonen og 200 meter mellombels veg fram til inntaket. Elles nyttast eksisterande vegar. Det er ikkje planlagd permanent veg i røytraseen. Nettilknytning vil skje via ein 250 meter lang jordkabel til eksisterande 22 kV-linje. Middelvassføringa er 579 l/s og kraftverket er planlagd med en maksimal slukeevne på 1448 l/s. Med ein installert effekt på 1,23 MW vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 3,6 GWh. Søkjar planlegg å sleppe ei minstevassføring på 47 l/s, tilsvarande alminnelig lågvassføring.

### **Nedre Øla**

Inntaket er planlagd bygd i elvelaupet like oppstrøms Ølbrua. Dammen vert om lag 1,5 meter høg og ca. 30 meter lang. Vassveien er planlagd grave ned på nordsida av elva og vil bli om lag 1060 meter lang. Kraftstasjonen vil bli plassert mellom fylkesveg 255 og Gudbrandsdalslågen, og avløpet vert ført ut i ein av forgreiningane til Øla før utløpet i Lågen. Det vert trong for å bygge ein kort tilkomstveg til kraftstasjonen, elles vil eksisterande vegar og røytraseen bli nytta. Det er ikkje planlagt permanent veg i røytraseen. Nettilknytning vil skje via ein 200 meter lang jordkabel til eksisterande 22 kV-linje.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Middelvassføringa er 690 l/s og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 1100 l/s. Med ein installert effekt på 2 MW vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 7 GWh. Søker planlegg å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s i sumarsesongen og 56 l/s i vintersesongen.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av øvre og nedre Øla kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåver av søknadane, kan de kontakte Jan Ove Øksendal på tlf. 908 92 558 eller e-post: [janove@snkraft.no](mailto:janove@snkraft.no).


NVE ber Nord-Fron kommune leggje to eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på servicetorget på kommunehuset fram til **19.9.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.


Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **19.9.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

  
Øystein Grundt  
seksjonssjef

  
Kirsten Marthinsen  
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4      Søknader til kommunen  
Kunngjoringstekst  
Informasjonsark  
Adresseliste

**Adresseliste for:** Bygging av øvre og nedre Øla kraftverk

**Handsamast etter:** Vassressurslova

**Kunngjerast av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i:** Dølen og Gudbrandsdølen Dagningen

Tal på søknadar	Navn/adresse
3+3	Nord-Fron kommune, Nedregate 50, 2640 VINSTRA
	Fylkesmannen i Oppland, Postboks 987, 2626 LILLEHAMMER
	Oppland fylkeskommune, Postboks 988, 2626 LILLEHAMMER
	Statens vegvesen, Region øst, Postboks 1010, 2605 LILLEHAMMER
	Naturvernforbundet i Oppland, Postboks 4879, 2601 LILLEHAMMER
	Fron Jeger- og Fiskerforening v/ Pål Østen Solberg, Ruste, 2640 VINSTRA
	Eidsiva Energi Nett AS, Postboks 4100, 2307 HAMAR
	Gudbrandsdal Energi AS, Postboks 93, 2639 VINSTRA
	FNF Oppland, Postboks 368, 2602 LILLEHAMMER
	DNT Gudbrandsdalen, Steindalsvegen 14, 2670 OTTA
	Norges padleforbund, Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
	Clemens Kraft KS, Postboks 535 Sentrum, 0105 OSLO
	Øla Kraftverk AS (SUS) v/ Anton Stigen, Stigen, 2640 VINSTRA
1+1	KM – Arne Hamarsland
1+1	KD – Jens Nicolai Thom
1+1	ER – Jan Slapgård

## - KUNNGJERING -

### **Clemens Kraft KS og Øla Kraftverk AS (SUS) – Søknad om løyve til å byggje øvre og nedre Øla kraftverk i Øla i Nord-Fron kommune**

NVE har motteke ein søknad frå Clemens Kraft KS, datert 30.5.2011, og ein frå Øla Kraftverk AS (SUS), datert 30.3.2011, om løyve til å byggje høvesvis øvre og nedre Øla kraftverk i Nord-Fron kommune.

#### **Øvre Øla**

Inntaket er planlagd bygget i elvelaupet like nedstrøms Vetllonan. Vassvegen er planlagd grave ned langs sørsida av elva og vil bli ca. 2,1 km lang. Kraftstasjonen vil bli plassert like oppstrøms Ølbrua. Det vert trong for å byggje 100 meter ny permanent veg fram til kraftstasjonen og 200 meter mellombels veg fram til inntaket. Elles nyttast eksisterande vegar. Det er ikkje planlagd permanent veg i røytraseen. Nettilknytning vil skje via ein 250 meter lang jordkabel til eksisterande 22 kV-linje. Middelvassføringa er 579 l/s og kraftverket er planlagd med en maksimal slukeevne på 1448 l/s. Med ein installert effekt på 1,23 MW vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 3,6 GWh. Søkjar planlegg å sleppe ei minstevassføring på 47 l/s, tilsvarande alminnelig lågvassføring.

#### **Nedre Øla**

Inntaket er planlagd bygget i elvelaupet like oppstrøms Ølbrua. Vassveien er planlagd grave ned på nordsida av elva og vil bli om lag 1060 meter lang. Kraftstasjonen vil bli plassert mellom fylkesveg 255 og Gudbrandsdalslågen, og avløpet vert ført ut i ein av forgreiningane til Øla før utløpet i Lågen. Det vert trong for å byggje ein kort tilkomstveg til kraftstasjonen, elles vil eksisterande vegar og røytraseen bli nytta. Det er ikkje planlagt permanent veg i røytraseen. Nettilknytning vil skje via ein 200 meter lang jordkabel til eksisterande 22 kV-linje. Middelvassføringa er 690 l/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 1100 l/s. Med ein installert effekt på 2 MW vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 7 GWh. Søker planlegg å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s i sumarsesongen og 56 l/s i vintersesongen.

Søknadan vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på servicetorget på kommunehuset i Nord-Fron kommune, på kommunens heimesider og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåver av søknadane, ta kontakt med Jan Ove Øksendal på tlf.: 908 92 558 eller e-post: [janove@snkraft.no](mailto:janove@snkraft.no).

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **19.9.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

## Orientering til høyringspartane

### Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspente overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

### Kva vert forventta av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngevrne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

### Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).